

Oppleikna
av Saken i
Soknedal.

Det er dinere mest ingenting
og har å seia om dette emne og eg er
styggt redd for at det tek til å bli i seinste
laget for å få noko verdifulle fraser
om dei "kloke". Trua på dei er længe
sidan "gravlagt" no. Når tids generasjon
har gløymt dei gamle "gudak", men eg
skal prøve å rota litt i "mørkeloftet"
at dei eldste ikringom her når eg får
stunder til det. Kanskje kunne det
finnast noko av historisk verdi hjå
ein og annan. Eg skal iallfull prøve.
Og her er det vesle eg kan nevne no:
Eg trur å kan seie at Soknedal er den
byggda i Gaildal som har halde lengst
på dei gamle trær og rådjerdar.
Her i S. var det ein gang atli tida
ein som dei populære kalla "Negardskalin".
Eg minnest ei datter etter han -
Sigrid Salnesvold i Bøndal. Ho må ha
være fødd rundt 1840

Denne "Negardskalin" - det borgelege namnet
hans veit eg ikkje, men det skal eg nok
få greie på - han kunne "gjærra" at beste
vondemakter og omme fantetyg, so dei,
ein gang han skulle jaga ut vande ånder
på ein gard i byggda her skal han ha sagt
med det same han kom inn:
"Det vörre stin ut på dønn å her ja, men
e' ska sjådet å få dønn på dör"

Dermed ga han seg til å sova med hendene
i tomme luffa - og sidan var det fred på garden

I Søndalen var det ein av same storken,
 om ikkje net so høg i gradene som Hegartskalle.
 Denne gråbben minnst eg, han heite Lars Døhl
 og var født ikring 1830 eller litt seinare.
 Han hadde ei dotterdatter som heite Enge,
 ho er fødd 3. febr. 1883 - Ho lever enno.

Ein gang med ho var berre gjentingen
 fekk ho ein sjukdom dei kalla "frasken"
 Han hørs visste råd mot sjukdommen, han
 fekk tak i ein frask- og krossfeste han,
 d. v. s. han la han på ryggen på ei fjöl
 og spikra fast føtene på han. Deretter
 skar han eit hjarte på den levande frasken
 og koka det, den lutfangen han da fekk
 av fraskehjarte skulle patienten drikka.
 Ristet Nypan kring ingen presantasjon av meg.
 Eg skal berre nemne at eg minnst dei
 som brant over sidelinet på siel, dei
 gangar for at ho ristet ikkje skulle
 kunne greie å laga kjøtt på dei att.

Av diverse medisinlag kan eg nemne berre
 nokre få, men eg skal prøve å arbeide med enno.
Antimonsten kjøpte dei på apotek og brukte
 det til sjuke søner.

Medisiner for folk:

Kjerringrot mot blerekatar,
Söprat (skarshjäte) når ein var livklein (sjuki maven)
Arrensle (Arrenbuktin) var og bra, men mange
 held meire på atingsilver.

Ja, meire har eg ikkje denne gangen, men -

Beste helsing,
 Sveinbjørn

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76

Tilleggsspørsmål nr. *Der klake.*Emne: *Medisinsmenn.*Oppskr. av: *Svein Mælen.*(adresse): *Gauldal p. c.*

Fylke:

Herad: *Heile Gauldal.*Bygdelag: *Dette er eit tillegg til det*Gard: *siste svar og svar.*

G.nr.

Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Eg viser til mamma og har nemnt i svare.*
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Av bygdebok-redaktør Jens Aakerli har eg høyrd at Ole Arntsen Frøseth - populært kalla "Negardskal n" - vart fødd i 1806 og døde i 1897 -

Eg skal her nemne noko av hans verksemd som mirakeldoktor. Først må eg da nemne ein som han kurerte for ei mageliding. Det er Ole Bergsrønning. Han har sjølv fortald meg om denne henda. (Herr. Bergsrønning er fødd den 6. - 10. - 1871). Han fortalde at han fekk so harde magelidingar da han var i otteårsalderen (8 ar). Det vart til at dei fylgde han til Negardskallen. Medisinen han fekk var sterkt kamferbrennevin og det skulle han smørja på magen. Ei tid deretter fekk han so usegjelege sterke rykningar i magen at det var mest ikkje til å halda ut, men det ga seg fort og sidan har han aldri hatt nokor mageliding. Denne Negardskal n dreiv og med magiske radgjerder. Her er ei historie om det: Han skulle jaga ut noko "fanestyg" på ein gard, da han kom innom døra på garden sa han: "Dom va stinn au her", og so veifta han med armene i retning mot døra samstundes som han las noko utanboks. Sidan var det fred i garden. Det var noko bry med å peile inn denne Negardskal n, det hadde seg slik at han har flutt ifrå Negarden Frøseth til Negarden Bjerkseth til ei dotter som var gift der, og so har han - som skikk var i den tid - teke namnet Bjerkseth. Han hadde og ei dotter som var gift på Solemsvold i Budal, ho heite Sirri og ho har eg skrive om i svar på ei spyrjeliste om juleskikkar for nokre år sidan. Her i Gauldal har eg ikkje høyrd om fleire medisinsmenn, men elles var det vanleg at mange dreiv "kopping" og "arelatering". Eg minnst klårt at min bestefar - Svend Mathiassen Mælen, fødd i 1820, og død i 1911 - dreiv mykje med denne verksemda. Tilslutt skal eg nemne namn på nokon av dei medisinslaga som både den eine og den andre brukte, først må eg da nemne den gamle, velkjende medisinen dei brukte for å kurere seg for eksem, - ein medisin som og "Steinkjærkjerringa" brukte - og alltid med held. Denne medisinen var "svovelblomme" kokt saman med rømme, sukker og ratjurru (ratjere). Eg høyrde lærar John Bakken frå Budal - død i Oslo for 2-3 ar sidan - fortalde at han hadde ein son som fekk eksem.

Emnem 76/8

Han var at mange lækjarar med gutten, men alle sa dei at han ikkje kunne helbredast. Eg har ikkje trudd på homøpatar, så hr. Bakken, men i dette høve var det ingenting å risikere med å gå til homøpat og han gjekk so til "Steinkjær-kjerringa" med gutten og ho gjorde han frisk att på ei stutt tid. Ho brukte ovannemnde medisinslag, noko ho helbreda mange, mange med. I samband med dette kan eg nemne at ei gjente her i grannelaget fekk eksem da ho var i syttanarsalderen, no er ho litt over seksti. Ho budde seg på å gå til lækjar, men net i same stunda kom ei av grannekonene inn heime hjå henne. Ho hadde vore i Amerika og der hadde ho vorte gift med ein soknedaling. dei hadde fått nokon born med dei var "over ther". Ein av gutane deira fekk eksem og ho gjekk da til lækjar med han. Lækjaren gjorde gutten friskatt på mest inga tid. Han og brukte ovannemnde medisinsblanding. Etter dette tykjest det meg ikkje å kunne dragast i tvil at denne medisinen er oppfunnen i Europa og førd med derover av emigrantar. Eg kan ikkje tru at dei har fått han av indianarane som dei låg i stendug strid med i lange tider. Elles spørs det og om desse villmarksonene hadde temde mjølkedyr på den tid. Det var vel heller blod enn mjølk og rømme dei brukte i kosthaldet. Om da denne medisinen er oppfunnen i Noreg er eit anna spursmal.

Av medisinsplanter som finns i floraen i Singsås og i Budal på grensa mot Soknedal, er vel skarsøte (*Gentiana purpurea*) den som star framst i rekkja. Denne planta har valda botanikarane mykje hovudbryetter det eg kan skyne meddi at det er berre i Budal og Singsås at dei har funne ho nordanfjells. (Eg for min part har ei mykje enklare forklaring på dette enn den botanikarane tykkjest å leita etter, eg trur nemleg at skarsøta er planta inn her av ein eller annan som har førd ho med fra sønnanfjells, kanskje av fru Seiersted - namnet noko uvisst - som etter seiande skal ha planta ymse planteslag i Budal og Singsås.)

Denne planta skal ha vore ei viktug utførslevare fra Noreg i eldre tid. Endinga "søte" er temmelig missvisande, denne planta er alt anna enn søt, ho er beintfram so beisk at ho brenner tunga. Rota av denne planta vart turka og skore eller gnidd sunn og teke inn for magesjukdomar, kva det no var for sjukdomar veit eg ikkje. Etter Ivar Aasen (1860) skal namna skarsøte eller skjarsøte vore brukte i Nordhordland og Sogn.

I eit manuskript av Moltke Moe heiter det om denne planta: "Vil du kalle meg søte, skal eg skaden bøte, men vil du kalle meg beiskerot so gjer eg inga bot." Etter dette ma ein tru at namnet er eufemistisk. I Budal veks det og ei plante som dei kallar for "kjyssve", men denne planta har eg ikkje fått nokor skikkeleg greie på, eg veit berre at dei brukte ho til kryttyrmedisin, ho er altfor giftug til folkemedisinsk bruk.